



Stiftelsen for en Kritisk og Undersøkende Presse

Årsmelding 2007 frå styret

Til handsaming på SKUP sitt årsmøte den 11. april 2008

«SKUP skal være den ledende aktøren i arbeidet med å fremme utvikling av den undersøkende journalistikken, og være en aktør i den journalistikkfaglige debatt i Norge.»

Visjon og målsetjing – frå handlingsplanen 2007-2009

I **VEDTEKTENE** heiter det at "stiftelsens formål er å inspirere til undersøkende journalistikk i redaksjonene", på følgjande måtar:

- Ved å sørge for at det minst en gang i året holdes et landsomfattende seminar om undersøkende journalistikk.

- Ved å arbeide for at det blir gitt ut et fagtidsskrift.

- Ved å bidra til at det beste undersøkende journalist-prosjektet hvert år blir premiert.

- Ved å fremme samarbeide mellom journalister i Norge og internasjonalt.

VISJONEN ER AT SKUP skal vera den leiande aktøren i arbeidet med å fremje utviklinga av den undersøkende

journalistikken, og vera ein aktør i den journalistikkfaglege debatten i Norge.

Samstundes må arbeidet styret set i gang med bakgrunn i handlingsplanen og øvregge skisser, vurderast opp mot dei økonomiske rammevilkåra til ei kvar tid.

HANDLINGSPLANEN er i så måte eit styringsdokument, der årsmøtet rettleiar styret på kva som bør prioriterast.

SKUP held fram som stifting, og hovudoppgåva vil framleis vera den årlege SKUP-konferansen.

LIKEVEL ER DET viktig å nytte det potensialet som ligg i SKUP sine visjonar om å også nå fleire enn dei ein når gjennom konferanse-verksemda aleine. Difor ynsker SKUP-styret å bidra til debattar og seminar lokalt, for å styrke stiftinga sin aktivitet og fagtilbod innan undersøkende journalistikk mellom konferansane.

Med ansvaret for avviklinga av GIJ 2008, er det naturleg at eit sterkt fokus også vil vera knytt til å styrke stiftinga sitt internasjonale samarbeid i åra som kjem.

SKUP-STYRET er glade for å få vidareføre stiftinga sitt nære og gode samarbeid med Fritt Ord, Institutt for Journalistikk, Internasjonal Reporter, Norsk Journalistlag og Norsk Redaktørforening.

«SKUP skal være den ledende aktøren i arbeidet med å fremme utvikling av den undersøkende journalistikken, og være en aktør i den journalistikk-faglige debatt i Norge.»

Dei styrande organa i SKUP

SKUP-styret

På årsmøtet i Stiftelsen for en Kritisk og Undersøkende Presse vart følgjande personar valde inn i styret:

Leiar Håkon Haugsbø (NRK), nestleiar Heidi Molstad Andresen (Dagbladet), styremedlemene Espen Reiss Mathiesen (Universitetet i Stavanger), Jan Gunnar Furuly (Aftenposten), André Verløy (Memo/frilans), Maria Konow Lund (Høgskolen i Lillehammer), Hanna Førland (NRK), Gøril Engesvik (Trønder-Avisa), Elin Svendsen (Østlandets Blad), og Rolf Widerøe (VG). Til varamedlemer vart Atta Ansari (NRK), Ingvild Rugland (Bergens Tidende), Eirik Veum (NRK), Eva Grinde (Dagens Næringsliv) og Kjell Persen (TV2) valde.

Styret har hatt 18 styremøte i perioden. Inkludert to helgesamlingar. For førre periode var møtetalet 22. Det er jamt høgt arbeidstrykk på styret, men varierende oppmøte på torsdagsmøta i Aftenposten. I tillegg har det vore møte i ymse underutval og grupper, knytt til arbeidet med GIJ 08, konferanseprogrammet, hotellavtalar og teknisk avvikling.

Kvinnedelen i styret har vore på 50 prosent.

Styret har i 2007, med unntak av to sommarmånader hatt Lars Nehru Sand tilsett som sekretariatsleiar i 60 prosent stilling.

GIJ har sidan 1. januar 2008 hatt Bibiana Dahle Piene tilsett som sekretariatsleiar i 50 prosent stilling.

Representantskapen

SKUP sitt årsmøte valde følgjande personar som medlemer i SKUP sitt representantskap:

Leiar Line Noer Borrevik (Stavanger Aftenblad), Ståle Hansen (NRK Brennpunkt), Bent Botten (Sunnmørsposten), Une Bratberg (Vårt Land), Astrid Aure (Vårt Land/ Kvinner og Klær), Svein Bjørnerem (Romsdals Budstikke), Cecilie Ellingsen (NRK Brennpunkt), Per Anders Johansen (NRK), Harald Stanghelle (Aftenposten), Trond Sundnes (Dagens Næringsliv), Renie K. Thorleifsson (NRK Brennpunkt), Trine Østlyngen (IJ), Nils E. Øy (Norsk Redaktørforening), Alexander Øystå (Østlandets Blad/ Vi Menn), Jan Ove Årsæther (TV2), Nina Johnsrud (Dagsavisen), Anne Hafstad (Aftenposten), Anne Thurmann-Nielsen (Dagbladet), Mats Lillesund (Computerworld), Marianne Ruud (Utdanning), Kåre M. Hansen (Finnmark Dagblad), Trond Idås (NJ).

Kvinnedelen har i perioden vore 40 prosent i representantskapen.

SKUP sin prisjury

SKUP sin prisjury har i perioden bestått av leiar Fritz Breivik, (Høgskolen i Bodø), Lars A. Kristiansen (NRK), Thor Woje (Romerikes Blad), Karianne Braathen (Drammens Tidende), Ida Grieg Riisnæs (Dagens Næringsliv), Steffen Fjærvik (Institutt for journalistikk) og Kari Aarstad Aase (VG).

Styret skuldar juryen ein stor takk for at dei også dette året har lagt ned omfattande og tidkrevjande arbeid med å vurdere dei 51 prosjekta som vart sende inn.

Etter at to prosjekt vart trekte, enda bunken med eitt prosjekt mindre enn i fjor. Flest innsendingar frå NRK, følgd av VG, Aftenposten, Dagens Næringsliv, Stavanger Aftenblad og Laagendalsposten. Graving frå nettredaksjonar har vore etterlyst lenge, difor var det gledeleg at årets bunke inneheldt fire prosjekt frå nettredaksjonar.

Valkomitéen

I tråd med dei gjeldande vedtektene for SKUP, har representantskapen peika ut ein valkomité som har bestått av: Line Noer Borrevik, Une Bratberg, Aleksander Øystå, Ståle Hansen og Cecilie Ellingsen.

«For å fremje utviklinga av journalistisk metode»

HER EI gjennomgang av verksemda i perioden.

SKUP-prisen

SKUP-prisen 20007 gjekk til NRK Dagsrevyens Tormod Strand. Strand fekk prisen for sine avsløringar av Forsvarets bruk av klasevåpen, trass vedtak om at norsk politikk er å arbeide for forbod mot dette.

Diplom vart gjevne til Kristin Monstad Lund og Cato Landsverk i Tønsbergs Blad, Espen Eidum i Fremover og Jorunn Stølean og Aslak M. Eiriksrud i VG.

SKUP-konferansen

Fjorårets konferanse var den største til no, med 650 deltakarar. Dette var ny rekord (615 i 2006, 609 i 2005).

Programmet var også i fjor aktuelt, med fleire seminar knytt opp til heilt ferske saker og debattar.

Aktualiteten var også sentral i suksessen med den nye programposten fredag kveld: Late Night Show med aktuelle tema og overraskande gjestar.

Både teknisk og programmessig gjekk konferansen like knirkefritt som planlagt. Grunna noko sein planlegging – og krav til underhaldning på høgt nivå – vart det brukt ein del pengar på underhaldarar.

Også i fjor vart det lagt vekt på å ha profesjonelle og røynde ordstyrarar og debattleiarar på seminara. Dette har vist seg å løfte kvaliteten merkbar, det skjerpar dei som sit i panelet – og gir eit kresent publikum stram regi og poengterte debattar.

Ein viktig lærdom frå fjorårets konferanse er at programleiarar og innleiarar/debatttdeltakarar må gjerast tydeleg merksame på kravet vi stiller til førebuing. Ein del av fjorårets seminar vart skjemde av inneleiarar som ikkje hadde førebudd korkje det dei skulle seie, eller syne fram videoinnslag. Styret vedtok difor å understreke dette i brev som til alle innleiarane. Det vart dessutan sett ein teknisk deadline, der alt av presentasjonsmateriell skulle vere styret i hende måndagen før konferansstart.

Frå hotellet si side vart det gjort ei betring av logistikken i barområdet, ved at fleire bartendarar vart sett i arbeid, og at drikkevarene var å få tak i frå fleire mobile barar.

Tilbakemeldingane i Questback-undersøkinga var samla sett svært gode, men mange etterlyste tydelegare

metodefokus på seminara – og mindre debatt.

Styret har dette året arbeidd for å friske opp prisutdelinga på konferansen. Eit utval med styremedlemer arbeidde gjennom hausten med forslag til endringar, for å gje utdelinga ein strammare regi, meir kjensle av pomp og prakt og med det mål for auget å presentere diplom- og prisvinnarane tydelegare.

Resultatet av rapporten utvalet laga i samarbeid med vår tekniske samarbeidspartnar Alexander Ziegler og juryleiar Fritz Breivik er ein historisk avtale mellom styret og juryen. Ein betrudd person (videojournalist) får no tilgang til juryens konklusjon, slik at korte presentasjonar av vinnarane kan visast under seremonien.

Dette blir gjort for første gong på SKUP 08.

Responser etter SKUP 2007

"Ekstremt bra både faglig og sosialt."

"Mye bra, vansklig å velge på flere punkter, gikk åpenbart glipp av mye."

"Gode og aktuelle emner, men er litt kritisk til formen. For mange seminarer var lagt opp som talk show, med programleder i tv-stil, og ofte med mange deltakere i panel. Synes det går ut over fokus og dybde."

"Veldig nyttig med Kostra og de andre foredragene om postjournaler og riktig bruk av dataverktøy."

"Det kan muligens betegnes som et luksusproblem, men de seminarene jeg syntes virket mest spennende, gikk alltid på samme tid! Evig krasj, med andre ord..."

"Årets happening!"

"Late Night Show en høydare. Kan det bli en årlig grøte?"

«Eit stipend i Tore Sandbergs namn er ein fin og rett måte og heidre han på.»

SKUP sin Graveskole

Den største suksessen ved sidan av sjølve konferansen er graveskolen i forkant.

Årets graveskule, som vanleg i samarbeid med IJ, er drifta av André Verløy frå SKUP og Ståle Kofoed frå IJ.

Graveskolen var fullbooka før innhaldet var klart eller tilbodet annonsert. Mange står på venteliste. Difor har styret og leiinga ved IJ blitt samde om ein ny graveskule til hausten. Frode Nielsen handterer organiseringa frå SKUP si side.

SKUP sin Arbeidsleiarskule

Også i år vidarefører vi SKUP sin arbeidsleiarskule, ein dag i forkant av konferansen. Den er lagt til rette av representantskapen.

SKUPs Studentstipend

Som vedteke av årsmøtet i handlingsplanen for 2007-2009, skulle styret i 2008 for første gong ha utlyst eit studentstipend på 15 000 kroner.

Styret innsåg tidleg i 2008 at marknadsføringa og førebuinga av stipendordninga ikkje var i ei slik stand at ei utdeling av stipendet under konferansen i 2008 ville vere mogeleg.

Dette vert eit prioritert arbeid fram mot 2009-konferansen.

SKUP sine metoderapportar

Metoderapportane er publisert i sin heilskap på www.skup.no.

Det er eit mål at også ikkje-publiserte metoderapportar

blir samla inn for publisering, og at det vert utarbeidd ein søkbar database for metoderapportar.

Tore Sandberg sitt gravestipend

SKUP-styret tok i 2007 initiativet til eit stipend for undersøkjande journalistikk, i Tore Sandbergs namn. Med sitt framifrå arbeid med og for gravejournalistikk meinte styret at eit stipend i Sandberg sitt namn var ein fin og rett måte å heidre han på. Sandberg har tidligare fått SKUP-prisen.

Gravestipendet er støtta av dei fem store regionavisene, NRK, TV2 og Mecom. Stipendet blir delt ut første gong på SKUP-konferansen 2008, og er på 100 000 kroner. Juryen har vore samansett av Tore Sandberg sjølv, Guri Hjeltnes frå BI, Line Noer Borrevik frå representantskapen og Håkon Haugsbø frå styret. Fem prosjekt vart sende inn til vurdering.

«For å styrke den journalistfaglege debatten»

DET ER ØNSKELEG at SKUP skal bli meir synleg i den journalistfaglege debatten, særleg i saker knytt til metodespørsmål og journalistisk metode i praksis.

Debattseminar og førelesningar

I tråd med SKUP sin handlingsplan for 2007-2009 har styret og sekretariatsleiar denne perioden hatt ei rekke seminar og foredrag, både i redaksjonar, på faglege journalistlagssamlingar og ved utdanningsinstitusjonar.

Tilbakemeldingane på dette har vore svært gode, og kan kanskje vere noko av forklaringa på at Høgskulen i Volda i år sender ein rekordstor delegasjon til SKUP-konferansen.

Styreleiar hadde kronikken ”Den fjerde avmakt” på trykk i Aftenposten den 2. april 2007.

«Tilbakemeldingane på seminar og foredrag held av SKUP-representanter har vore svært gode.»

Dei regionale konferansane

SKUP-styret har i perioden vore representert på to av NJs regionale konferansar.

Jan Gunnar Furly var på Svarte Natta.

Sekretariatsleder Lars Nehru Sand og styremedlem Gøril Engesvik var til stades på Hellkonferansen.

Skup.no

www.skup.no har også denne perioden vorte utvikla vidare. Både kva gjeld innhald, oppdateringar og besøk er det mest travelt månaden før konferansen.

SKUP sine nettsider har eit stort potensiale til å bli den viktigaste nettsida for journalistar som driv kritisk og undersøkjande journalistikk i Norge.

Det vil koste krefter og kapital å gjere SKUP-sidene til ein nasjonal ressurs året rundt.

Marknadsføring

Til å marknadsføre konferansen har vi annonsert i Journalisten, på egne nettsider og på normedia-lista.

«Siste SKUP»

I fjor vart hovudoppslaget i ”Siste SKUP” sitert på nyheitssendingar og nettsider heile opningsdagen.

Redaktør Amund Trellevik gjer eit godt arbeid med avisa, saman med handplukka journaliststudentar frå HiO og Høgskulen i Volda.

Dei driftar også nettsidene under konferansen.

«For å fremje internasjonalt samarbeidd»

ANSVARET FOR GIJ 2008 vil stå svært sentralt i stiftinga sitt arbeid i handlingsprogramperioden. Målet er at GIJ 2008 skal bli eit løft for SKUP-stiftinga og internasjonalt orienterte norske journalistar.

Samstundes skal SKUP-styret følge opp tradisjonen med deltaking i ulike internasjonale fora.

GIJ 2008

Styret har i heile perioden arbeidd med organiseringa av GIJ-konferansen.

Eit eige utval leia av Jan Gunnar Furuly har hatt ansvar for hotellkontakt og ikkje minst utarbeiding av eit program i internasjonal klasse.

Store namn som Robert Fisk og John Pilger er venta til Lillehammer i september, Det er venta rundt 400 internasjonale deltakarar til konferansen. GIJ har fått ein million kroner frå UD til ei stipendordning, som skal sikre deltaking også frå journalistar frå U-land.

GIJ-komiteén har også samarbeidd med styra bak dei andre nordiske gravekonferansane.

Det er i tillegg inngått eit samarbeidd med Høgskulen i Lillehammer i samband med den globale konferansen i september. HiL bidrar på fleire område, mellom anna logistikk og den tekniske gjennomføringa. Dette vil frigjere både pengar og personell for SKUP til andre gjeremål.

Komiteén har fortløpande rapportert til styret, både munnleg og skriftleg.

Det er også utvikla egne nettsider for konferansen.

Sidan 1. januar 2008 har Bibiana Dahle Piene vore tilsett som sekretariatsleiar i halv stilling.

Global Investigative Journalism Conference (GIJ) er ein samanslutnad av nær 40 ulike organisasjonar frå heile verda, inkludert SKUP og IJ.

Nordisk samarbeid

Samarbeidet mellom dei nordiske graveorganisasjonane har blitt styrka det siste året. I september møttest SKUP, Gräv, FUJ og den finske foreininga på Marstrand nord for Göteborg.

Dette er den tredje nordiske samlinga, og i tråd med avtala om å møttest ein gong kvart år.

Dei nordiske organisasjonane bidreg både økonomisk og på innhaldssida til GIJ08 på Lillehammer, mellom anna gjennom ei fadderordning som gjer at fleire journalistar frå Aust-Europa, Afrika, Latin-Amerika og Asia kan kome til konferansen.

Internasjonale fora

IRE-konferansen

SKUP deltok på IRE-konferansen i Phoenix i Arizona, USA, i juni med styreleiar Håkon Haugsbø, nestleiar Heidi Molstad Andresen og sekretariatsleiar Lars Nehru Sand.

GIJ 2007-konferansen

SKUP deltok på GIJ-konferansen i Toronto i mai 2007. Styremedlemmene Jan Gunnar Furly, André Verløy og Espen Reiss Mathisen deltok.

Nordiske gravekonferansar

SKUP har også sendt utsendingar til to av sine nordiske systerkonferansar. Styreleiar Håkon Haugsbø vitja Gräv-konferansen i Sverige, medan styremedlemmane Hanna Førland og Gøril Engesvik vitja FUJ-konferansen i Danmark.

Europeisk nettforum

Til erstatning for den gamle idéen om å utlyse ein nordisk journalistpris, er dei nordiske styra samde om å arbeide fram eit eige nettforum for undersøkende journalistar. Dette har utvikla seg til å bli ein plan om eit europeisk nettverk etter modell av Facebook. Altså eit lukka forum, der ein kan legge inn eigen profil, lenker til saker, CV, interessefelt – og ikkje minst søke på andre profilar. Dette er meint å skulle styrke samarbeidet over landegrensene, og vil gjere det lett å kome i kontakt med andre journalistar som arbeider med same saksfelt, eller få hjelp i arbeidet med konkrete saker. Arbeidet med denne satsinga skal skyte fart når den internasjonale konferansen på Lillehammer er vel i hamn.

Organisasjon

DEN FRIVILJUGE innsatsen er sjølve fundamentet i SKUP sitt arbeid. Både i representantskapen og styret, men også i planlegging og gjennomføring av alt arbeid som skjer i SKUP-regi.

Representantskapen og Styret er dei to årsmøtevalgte organa som har ansvaret for å forvalte og drifte stiftinga i det daglege.

Styret sitt arbeid

Dette året har vore arbeidskrevjande for styret. Som vanleg har hovudinnsatsen vore retta mot å lage ein best mogeleg SKUP-konferanse i 2008.

Men mykje tid og arbeid har gått med til å førebu the Gloval Investigative Journalism Conference 2008 (GIJ08) på Lillehammer midt i september.

«SKUP vil også i fortsettelsen være avhengig av det betydelige frivillige engasjementet som legges ned i stiftelsens arbeid.»

Det er eit mål å kunne halde fram med den same økonomiske profilen på arrangementa som i dag.

Dette inneber at SKUP også i framtida vil vere avhengig av det store friviljuge engasjementet og dugnadsarbeidet som blir lagt ned i stiftinga sitt arbeid, og den forståinga redaksjonene syner med omsyn til dette. Det er avgjerande at redaksjonane i framtida held fram med å sende deltakarar til SKUP-konferansen,

Heidi Molstad Andresen har vore nestleiar, og skjøtta vervet ved å pendle frå Ål til møta i Oslo sidan september.

Jan Gunnar Furuly har i tillegg til å vere aktiv i styret, også leia styringsgruppa for GIJ, og skjøtta oppgaver både med SKUP-

nettsidene og utviklinga av nye nettsider for GIJ.

Espen Reiss Mathiesen, Universitetet i Stavanger, har vore økonomiansvarleg i styret – og gjort ein god jobb for å få ein oversiktleg og separat økonomi for begge konferansane.

Til dette har han hatt god hjelp frå Regnskapsteknisk Byrå, som han teikna avtale med våren 07. Han har også lagt mykje arbeid ned i ymse søknader, for å hente støtte til SKUP og GIJ.

Stort sett har styremedlemene vore flinke til å stille på møta, og å melde fråfall når det har vore naudsynt. Når journalistar i turnus friviljug skal sitte i eit styre, vil ein aldri kunne vente, eller krevje, at alle stiller på kvart møte. Men det fordrar at

det vert gjort ein god arbeidsinnsats mellom møta. Som heilskap har styret ein veg å gå for å få rutine og system på arbeidet.

Fire av styremedlemmene har skifta arbeidsplass i perioden: Heidi Molstad Andresen fekk eitt års permisjon frå Dagbladet og gjekk mellombels attende til Hallingdølen, Gøril Engesvik reiste heim til Trønder-Avisa, Maria Konow Lund slutta ved Universitetet i Stavanger for å ta til ved Høgskulen i Lillehammer og André Verløy tok til ved Institutt for Journalistikk.

SKUP-sekretariatet sitt arbeid

Dette er det tredje året SKUP har hatt ein sekretariatsleiar tilsett, og denne investeringa har vore svært god.

Sekretariatsleiar Lars Nehru Sand har avlasta leiaren i stort monn, og førebudd alle møte på ein framifrå måte, slik at arbeidet har blitt meir effektivt og konkret retta. Heile styret har hatt glede av sekretariatsleiaren, fordi han alltid er tilgjengeleg – og dessutan rask til å avklare spørsmål og løyse oppgåvene.

Også i høve til det krevjande arbeidet med å hente inn og vurdere tilbod frå konferansehotell har denne kapasiteten vore overmåte viktig.

GIJ 2008

Ei eiga styringsgruppe, utpeika av – og for ein stor del utgjort av – folk frå styret, har hatt det praktiske ansvaret og disposisjonsrett innanfor vedteke budsjett, med økonomisk ansvar forankra i styret. Arbeidet for GIJ08 har også medført auka reiseaktivitet for delar av styret og representantskapen, m.a. til konferansar i USA, Canada, Tyskland, Sverige m.fl.

Økonomi

SKUPs økonomi er i årsmøteperioden noko svekka.

Årsaka er eit vesentleg auka aktivitetsnivå for SKUP-styrets medlem, med mange reiser og ekstra møte knytt til planlegging av Global Investigative Journalism Conference (GIJC) på Lillehammer i september 2008.

I tillegg har SKUP i perioden hatt vesentleg auka lønsutgifter. Det siste har vore naudsynt for å kunne gjennomføre arbeidet utan å belaste styremedlemmene ut over det dugnadsanda tillèt. Auka aktivitet og pengebruk er eit resultat av ynska politikk og er godkjent av årsmøtet i 2007.

SKUP gjekk i perioden 1.januar til 31. desember 2007, med eit driftsmessig underskot på 49.653 kroner, mot eit tilsvarende overskot i 2006 på 111.876 kroner.

Medan SKUPs eigenkapital i førre årsmøteperiode var 1.075.420 kroner, er eigenkapitalen ved årsskiftet 2007/ 2008 1.080.835 kroner.

Økonomien er forsiktig betra på inntektssida i løpet av dei fire siste åra. SKUPs inntekter er styrka sida driftsåret 2004, grunna ei kraftig auke i talet på deltakarar på SKUP-konferansen i 2004, 2005, 2006 og rekordåret 2007, nøkternt forbruk, kostnadseffektiv lokalisering av konferansen, og ein forsiktig auka konferanseavgift, samt inntekter frå SKUP-skulen. Sidan 2004 er skulen gjennomført i samarbeid med Institutt for Journalistikk (IJ).

SKUP har klart å helde nokon kostnadar nede i året som gjekk. Dei reine konferanseutgiftene har gått ned frå 448.156 kroner i 2006 til 359.170 kroner i 2007.

Utgiftene til gjennomføringa av SKUP-prisen og drift av styret og representantskapet har gått opp.

Det er brukt vesentlege summar på å heve innhaldet på konferansen og drifta av sjølve konferansen. I tillegg kjem drift av eget sekretariat. SKUP hadde i 2007 300.636 kroner i lønskostnader.

Styret har jobba mykje med å forhandle fram og gjennomgå hotellavtaler. SKUPs samarbeidshotell må ta ein større del av dei tekniske kostnadene knytt til gjennomføringa av konferansen. Den økonomiske effekten av betre avtaler har styret valt å ta ut i form av meir profesjonell teknisk avvikling av seminara. Dette kan sjåast på som ei investering i eit betre totalprodukt.

SKUP er ei ideell stifting utan mål om å produsere store overskot kvart år. Det har likevel vore naudsynt for SKUP å ha ein robust eigenkapital. Først og fremst for å redusere SKUPs sårbarheit i tilfelle dårlege driftsår og i tillegg sikre oss økonomisk ryggrad til å kunne ta på oss nye utfordringar. Det viktigaste er likevel å sikre drifta og dei årlege konferansane ei stabil og trygg ramme. Økonomisk overskot i gode år sikrar at konferansen vert avvikla sjølv om det skulle komme ein svikt i talet på deltakarar.

Årsmøtet i 2006 godkjente at det vart sett til sides 300.000 kroner av SKUPs eigenkapital til eigenkapital for GIJC. Dersom GIJC går med overskot vil eigenkapitalen bli betalt attende og overskotet komme SKUP til gode. Dersom GIJC skulle gå med underskot, eller gå i balanse, vil avsetninga vera tapt for SKUP. Dette er heilt i tråd med ynska politikk i SKUP, med SKUPs formålsparagrafar og vedtak på årsmøtet 2006.

SKUPs viktigaste bidragsytar og støttespelar er Norsk Journalistlag (NJ) og Institusjonen Fritt Ord. I 2007 fekk SKUP og støtte frå Norsk Redaktørforening til sjølv SKUP-prisen. Styret er takksame for støtta frå alle tre organisasjonar. Styret takkar også for at NJ har kunna vidareføre ordninga med reisestipend frå vederlagsmidla.

I 2007 mottok SKUP arrangementsstøtte frå Norsk Journalistlag (100.000 kroner) og støtte til GIJC-sekretariat (200.000 kroner), støtte til SKUP-prisen frå Norsk Redaktørforening (20.000 kroner) og støtte frå Institusjonen Fritt Ord (100.000 kroner). Sponsorinntektene er samla sett noko mindre enn før 2006. Dette er noko eit nytt styre bør ta tak i. Mellom anna er utgiftene knytt til SKUP-prisen langt høgare enn støtta SKUP mottek.

SKUPs konferanseavgift var i 2007 1550 kroner og 1850 kroner, avhengig av om påmeldinga kom før eller etter 16.februar 2007. Låg konferanseavgift gjer deltaking mogleg for mange journalistar i små- og mellomstore medieverksemdar. SKUP-styret har valt å halde fram med praksisen med differensiert konferanseavgift, der det kostar meir for etternølarar å melde seg på. Prispåslaget i 2007 var 300 kroner for etternølarane. Dette har gjeve utslag i fleire tidlege påmeldingar. Noko som aukar høvet til meir presis planlegging og økonomistyring.

SKUPs driftsinntekter i 2007 var på 1.216.459 kroner.

Dei totale driftskostnadane var på 1.282.306 kroner. Før finansinntekter er driftsunderskotet på 69.753 kroner. Årsresultatet med finansinntekter er minus 49,652 kroner. Driftsinntekter frå SKUP-konferansen var i 2007 på 960.639 kroner. Driftskostnadene for konferansen var 359.171 kroner, medan driftsresultatet for sjølv konferansen var på formidable 491.207 kroner. Lønnskostnadene i perioden var på 300.636 kroner. Styret sine driftskostnader, inkludert utgifter som kan belastast GIJC, var på 230.412 kroner.

Resultatet av det som er nemnt ovanfor er at SKUPs økonomi er god, men utan det overskotet vi har hatt tidlegare år. Auka driftsutgifter utan tilsvarande auka driftsinntekter, vil over tid svekke SKUP sin økonomi. Eit nytt styre bør vera merksame på dette og søke nye inntektskjelder for å sikre økonomien.


Dagens økonomi gjer SKUP robust nok til å kunne motstå ein periode med mager støtte utan at det går ut over den driftsmessige sikkerheita eller handlefridomen til å ta opp kontroversielle emne på konferansen.


SKUP har økonomisk ryggrad til å avvike den globale gravekonferansen på Lillehammer 2008 i SKUP si and og etter SKUP sine krav til kvalitet i innhald og gjennomføring.


Reknskapen er sett fram under føresetnad av vidare drift.


Oslo, den 3. april 2008


Styret i Stiftelsen for en Kritisk og Undersøkende Presse (SKUP)



Håkon Haugsbø
(Styreleiar)



Heidi Molstad Andresen
(Styret sin nestleiar)


Espen Reiss Mathisen
(Styremedlem)



Jan Gunnar Furuly
(Styremedlem)



André Verløy
(Styremedlem)


Maria Konow Lund
(Styremedlem)


Hanna Førland
(Styremedlem)


Gøril Ertesvik
(Styremedlem)


Elin Svendsen
(Styremedlem)


Rolf Widerøe
(Styremedlem)